

Saksprotokoll i Formannskapet - 09.11.2011

Handsaming:

Framlegg frå ordførar: Kommunen ynskjer ei utvida arealgrense for stølsbuene på 50 m².

Røysting: Samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Hanne T. Straume: Valle AP meiner at Heieplanen – Regionalplan

Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei bør seie noko om at kommunen kan miste dispensasjonsretten i henhold til ny PBL § 19.4

Røysting: Tilleggsframlegget fekk 1 røyst.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Valle kommune er stort sett nøgd med resultatet ein har kome fram til gjennom regional plan. Kommunen ynskjer ei utvida arealgrense for stølsbuene på 50 m². Gjennom revidering av kommuneplanen sin arealdel vert det innarbeidd løypeplan for området på Bjørnevatn.

Kommunen legg til grunn dei vedlagde retningsliner frå Fylkesmannen i Aust-Agder Andre innspel til planen ligg i saksutgreiinga.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 23.11.2011

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå Steinar Kyrvestad: Valle AP meiner at Heieplanen – Regionalplan Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei bør seie noko om at kommunen kan bli fråteken dispensasjonsretten i henhold til ny PBL § 19.4.

Røysting over tilleggsframlegget: Framlegget fekk 4 røyster og fall.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Valle kommune er stort sett nøgd med resultatet ein har kome fram til gjennom regional plan.

Kommunen ynskjer ei utvida arealgrense for stølsbuene på 50 m².

Gjennom revidering av kommuneplanen sin arealdel vert det innarbeidd løypeplan for området på Bjørnevatn.

Kommunen legg til grunn dei vedlagde retningsliner frå Fylkesmannen i Aust-Agder Andre innspel til planen ligg i saksutgreiinga.

Saksmappenr: 2009/674-27
Arkiv: L14
Sakshandsamar: Elise Marie Kringen

Saksframlegg

Valle kommune

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Høyring - Heieplanen - Regional plan for bruk og vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei

Rådmannen tilrår:

Valle kommune er stort sett nøgd med resultatet ein har kome fram til gjennom regional plan.

Kommunen ynskjer ei utvida arealgrense for stølsbuene. Gjennom revidering av kommuneplanen sin arealdel vert det innarbeidd løypeplan for området på Bjørnevatn.

Kommunen legg til grunn dei vedlagde retningsliner frå Fylkesmannen i Aust-Agder

Andre innspel til planen ligg i saksutgreiinga.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Regionalplanen, kalla Heieplanen, har vore under utarbeiding i ein to-års periode. Planen omfattar areal på både aust- og vestheia i Valle kommune. Det har i alt vore 18 kommunar med i prosessen. Hovudformålet med planen er å fastsetje grensene for nasjonalt villreinområde. Dette vart initiert gjennom rapporten Villrein og Samfunn.

Planprosessen kom uheldig ut frå starten, då Miljøverndepartementet ga Norsk Villreinsenter Sør i oppgåve å lage eit villreinkart over villreinen sitt potensielle leveområde. Dette var eit kart som ingen kjende seg att i. I etterkant har ein klart å sjå bort frå dette kartet som grunnlag for den vidare planprosessen.

Valle kommune har hatt samarbeid med Bykle kommune i den faglege saksutgreiinga for høyringa.

2. Kva for verknader har denne saka for utviklinga av Valle kommune?

Under punkt 6.3.3. om samfunn står det i konklusjonen at det ikkje vert innført store forvaltningsmessige endringar. Under felles retningslinjer står det: *"I kommunenes videre arealplanlegging må arealformål, plangrenser, bestemmelser og retningslinjer tilpasses i kommuneplanens arealdel, der dette ikkje allereie er gjort."*

Valle kommune vil presisere at Heieplanen ikkje er juridisk bindande i seg sjølv, men slike retningslinjer gir kommunen sterke føringar ved revidering av eigen kommuneplan. Retningslinjer og omsynssoner må innarbeidast ved revidering av kommuneplanen i planområdet og vil på denne måten bli juridisk bindande.

Ved revidering av kommuneplanen er det naudsynt å vurdere arealbehov kring stølsområda og legge til rette for tilfredsstillande løypeplanar, spesielt i området på Bjørnevattn. Kartet som vart framforhandla med representantar for Villreinnemnda, Statens Naturoppsyn, Fylkeskommune og Fylkesmann då Bykle kommune laga sti- og løypeplan er viktig å vidareføre for dei øvrige kommunane i Setesdal.

3. Tilhøvet til gjeldande planar og lovverk

Hovudføremål med planen var sikring av naudsynte og varige leveområde for villreinstamma, i tråd med nasjonalt mål uttrykt i Stortingsmelding 26 (2006-2007). Plan og bygningslova er bruka i den regionale planprosessen.

I høyringsutkastet kapittel 6.2 "Kunnskapsgrunnlaget" står fylgjande i innleiinga: *"En av de viktigste planforutsetningene er at arealbruksdisponeringer i planen skal være kunnskapsbasert"*

Som eit fagleg grunnlag for planen er det gjennomført ei kartlegging av villreinen sin arealbruk i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS 6/210) med tilhøyrande kart gjeve ut 16.10.2009. Kartet som syner det potensielle biologiske leveområdet for villrein i dette området kom ut i 2009. Sjølv rapporten som forklarar vurderingane som ligg til grunn for kartet vart først publisera i 2011, i underkant av 2 år etter kartet. Sjølv om ein har klart å legge bort dette kartet for å kome i hamn med prosessen, ligg det inne på villreinklienten som "Leveområde for villrein"

Under punkt 6.3.2.1 "Villreinen" i høyringsframlegget for Heieplanen vert det vist til den *"mest oppdatert og relevant informasjonen for vårt område"* som er sluttrapporten frå GPS-prosjektet "Villreinenens bruk av Setesdalsheiene" ved Olav Strand m.fl. (NINA-rapport 694). Det er sær uheldig at det vert referert til ei rapport som ikkje er publisert og ikkje er tilgjengeleg for kommunane det gjeld. Sjølv om viktige hovudtrekk blir oppsummera i punkt 6.3.2.1. bør ikkje ein regional plan nytte seg av upublisera forskingsrapportar som grunnlagsmateriale.

4. Vurderingar

Planen er laga som ein regionalplan med politisk styring både frå Fylkeskommunen og med ei politisk samansett styringsgruppe. I byrjinga av prosessen vart dette trekt fram som ein fordel fordi planen skulle fokusere like mykje på utvikling som på vern. Kloke av skade var kommunane ein smule skeptiske til dette, og resultatet er ei bandlegging av areal og ikkje så mykje meir. Det er eit ganske stort sprik mellom planprogram og den planen som no er på høyring. Den vidare oppfølging er overlate til kommunane.

Planen er både eit tekstdokument og eit kart med ulike soner.

Etter at heieplanen vart sendt på høyring, er det kome innspel frå Fylkesmannen i Aust-Agder på at retningslinjene er endra i høyringsutkastet i høve til det som det var semje om mellom kommunane i Setesdal og Fylkesmannen i Aust-Agder. Valle kommune står fast på dei retningslinjene som var framforhandla i vår region, men registrerer at det blir eigne retningslinjer for Aust-Agder.

Bruk og vedlikehald av stølar er viktig som kulturminne og kulturlandskap, men også for landbruk og villrein. Stølsvollane er viktig som vårbeite for villrein og slåttemark er ein prioritert naturtype, som regel med stort biologisk mangfald. Muleg det skal inn ekstra verkemiddel for å rydde og skjøtte desse som ligg i villreinområda. Ein stiller spørsmål om dette burde inn i handlingsprogrammet.

Regionalplanen peikar på fleire ting som kommunen og fylkeskommunen må gjere for å fylgje opp planen, lage fleire planar for motorferdsel, for næringsutvikling i utmark osv.

Heieplanen innfører krav om vurdering av kommunale motorferdselsplanar, samstundes som det vert lagt føringar på at dette er planar som skal skje i regionalt samarbeid og skje over større område. I planen skal nasjonale mål for å redusere anna bruk av motoriserte kjøretøy løysast ved auking av leigekøyring. Leigekøyring kan føre til meir køyring, då 2,5 km regelen for løyve fell bort og alle kan leie skuter med sjåfør. I tillegg er ikkje dette interessant næringsmessig, ettersom køyringa stort sett er knytt opp mot sesong, helgar og feriar.

I landskapsvernområde Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane har ein eit verdiskapingsprosjekt som vert kalla "Frå gråberg til gull". Kommunane har gjennom dette erfart at det er vanskeleg å få noko konkret ut av dette og det kan fort kome i konflikt med verneføremålet. Difor ynskjer ein ikkje å bli pålagt å setje i gong liknande prosjekt.

Jakt og fiske er ein viktig del av interessene for innbyggjarane og næringsgrunnlag for grunneigarane Valle kommune. Ein ynskjer at hytter til eige jakt og fiske og vert teke inn i retningslinene. Bruk av utmarka er ein viktig del av bulysta og vi registrerer at dette engasjerer alle aldersgruppene og trekk ungdomen heim i aktuelle jaktperiodar. Ein ser dette som identitetsskapande verksemd og er knytt til handlingsboren tradisjon.

Valle kommune er nøgd med at stølsområda, stølar og tufter er halde utanfor omsynssona for villrein. Bruk og vedlikehald av stølar er viktig som kulturminne og kulturlandskap, men også for landbruk og villrein. Stølsvollane er viktig som vårbeite for villrein og slåttemark er ein prioritera naturtype, som regel med stort biologisk mangfald. Kommunen ber om at det vert lagt til rette for støtteordningar til vedlikehald av stølar i stølsområda. Stølsbuene må ha eit høveleg areal tilpassa det behov som er naturleg for aktivitet og drift. Det er viktig at det biologiske mangfaldet som beitegrunnlag for villreinen ikkje gror til og forsvinn. Dialogen vi har hatt med fylkesmannen for å kunne legge til rette for ei forsiktig utvikling av stølsdalane våre har vore positiv. Kommunen er og nøgde med at dei utviklingsområde vi har for hyttebygging er halde utanfor omsynssoner til villreinen.

Det er klare soner for ulike bruk av områda. Dette sikrar framtidig utvikling og moglegheit for styrt aktivitet og framtidig utvikling samstundes som det er klare omsynssoner for villreinens leveområde.

Valle, den 31.10.2011

Eivind Berg
Rådmann

Vedlegg:

- 1 Heieplanen høyringsdokument
- 2 Kart Heieplanen
- 3 Retningsliner Heieplanen frå Fylkesmannen i Aust-Agder